

Bravo-runde: 17. mai

Slik kan du gjennomføre ei Bravo-runde med 17. mai-tema. Sei dette til barna: Vi skal ha fire stasjonar i dag, og vi skal få lære meir om 17. mai med alle sansane våre! 17. mai vert ofte kalla for barna sin dag og vi feirar at vi i Noreg får bu i eit fritt land. For over 200 år sidan var det mange vaksne som bestemte grunnlova for Noreg. Der står dei viktigaste reglane for Noreg. Vi feirar 17. mai kvart år med flagg, barnetog og korpsmusikk. Då startar vi!

1

Les og finn fram det du treng til fire stasjonar.

2

Øv på 17. mai-sangen på førehand.

3

Gjer klart for formingsaktivitet, 17. mai-instrument.

Stasjon 1: Maxiboka «17. mai»

Finn fram maxiboka om 17. mai fra Bravo-materiellet eller [kjøp ho som e-bok her](#) om du ikkje har ho. Vis og les nøkkelorda medan du blar i boka. Les deretter dei fem setningane og vis bileta. Ta gjerne med eit flagg eller bilete av ein bunad som du kan vise fram. Kast terningen, [skriv ut lykkehjulet](#), eller krabb av garde til neste stasjon.

Stasjon 2: Ord- og biletekort

No skal de få sjå og høyre fem ulike ord om ting vi ofte gjer på 17. mai. Skriv orda marsjere, synge, rope, ete og leike med raud tusj og små bokstavar på blanke Bravo-kort. Vis og les først orda marsjere, synge, rope, ete og leike. Deretter konkretiserer du orda med å vise døme på kva vi gjer, før du viser orda ein gong til. Lat gjerne barna prøve å marsjere, synge, rope hurra, kanskje til og med smake på noko godt og kanskje leike ein lek. Kast terning, snurr lykkehjul, eller marsjer av garde til neste stasjon.


Stasjon 3: Bokstavar

Bruk bokstavmateriellet frå Bravo-leken og skriv ordet h-u-r-r-a! Sei: No skal vi sjå og høyre ein og ein lyd, som vi treng for å skrive h-u-r-r-a. Stav orda og legg bokstavane i rekkefølge på golvet. Fortell at no skal du rope hipp hipp, og etterpå skal barna rope hurra! Kast terning, snurr lykkehjul eller rull av garde til neste stasjon.

Stasjon 4: Aktivitet

På den siste stasjonen kan de velge ein eller fleire av desse aktivitetane.

- Lag rytmeinstrument av dorullar, sjå vedlagt mal.
- Lær 17. mai-sangen, sjå vedlagt tekst.
- Øv på å gå i tog
- Lag eit hurra-rop
- Ha ein smakeleik



post@intempo.no / 970 43 426



intempo.no
intempo.no/blogg/bravointro



facebook.com/bravoleken



@bravoleken
#bravoleken

bravo®

Sangleik 1. vers

*Vi er vener
store, små, store, små.*

(Stå i ring og strekk dykk opp på 'store' og bøy dykk saman på 'små'.)

*Vi kan klappe,
snu oss rundt og gå.*

(Klapp to gongar, snurr ein runde og ta kvarandre i hendene og gå i ring.)

*Våre stemmer høyrer
vaksne godt.*

(Gå og syng.)

*Når vi syng det ut
så høgt og flott.*

(Syng sterkare og sterkare!)

Sangleik 2. vers

Eg løfter det norske flagg med handa mi.

(Strekk ut ringen de står i til eit tog. Løft flagget eller rytmeinstrumentet med flagg på høgt opp.)

Vi feirar at vi har fred og er heilt fri.

(Marsjer framover og vift med flagget, evt. rist på rytmeinstrumentet.)

Grunnlovsdagen vår er 17. mai.

(Marsjer og syng.)


Vi flaggar i bygd og by, på fjell og ved kai.

(Lag eit fjell med eine handa og deretter bølger når de syng kai.)

Rytmeinstrument

bravo®

Det blir enda meir festleg om barna får lage sitt eige rytmeinstrument. Vi har laga ein mal som passar rundt ein dorull. Lat barna velje om dei vil farge og dekorere sjølv, eller om dei har lyst å klippe ut og lime på 17. mai-malen her. Fyll dorullen med raude linser eller anna du reknar for trygt for alders-gruppa og som lager ein fin lyd. Teip godt i begge endar før de limer på pynten. Gratulerer med dagen!



Rytmeinstrument

Det blir enda meir festleg om barna får lage sitt eige rytmeinstrument. Vi har laga ein mal som passar rundt ein dorull. Lat barna velje om dei vil farge og dekorere sjølv, eller om dei har lyst å klippe ut og lime på 17. mai-malen her. Fyll dorullen med raude linser eller anna du reknar for trygt for alders-gruppa og som lager ein fin lyd. Teip godt i begge endar før de limer på pynten. Gratulerer med dagen!

bravo®



Ta på lim her.

Ta på lim her.